

**LOV 2008-06-06 nr 37: Lov om forvaltning av viltlevende marine ressursar (havressurslova)**

**DATO:** LOV-2008-06-06-37  
**DEPARTEMENT:** FKD (Fiskeri- og kystdepartementet)  
**PUBLISERT:** I 2008 hefte 6  
**IKRAFTTREDELSE:** 2009-01-01  
**SIST-ENDRET:** LOV-2009-06-19-100 fra 2011-02-01  
**SIST-ENDRET:** LOV-2010-06-25-43  
**ENDRER:** LOV-1983-06-03-40  
**SYS-KODE:** BG14j, C19, D02  
**NÆRINGSKODE:** 13, 1301, 61115  
**KUNNGJORT:** 06.06.2008 kl. 14.35  
**KORTTITTEL:** Havressurslova

**INNHOLD**

Lov om forvaltning av viltlevende marine ressursar (havressurslova)

## Kapittel 1. Innleide føresegner

- § 1. Formål
- § 2. Retten til ressursane
- § 3. Sakleg verkeområde
- § 4. Stadleg verkeområde
- § 5. Personelt verkeområde
- § 6. Tilhøvet til folkeretten
- § 7. Forvaltningsprinsipp og grunnleggjande omsyn
- § 8. Reguleringsråd
- § 8a. Saker der fylkeskommunane har kompetanse

## Kapittel 2. Marin bioprospektering

- § 9. Gjennomføring av marin bioprospektering
- § 10. Fordelar frå utnytting av marint genetisk materiale

## Kapittel 3. Fangstmengd og kvotor

- § 11. Nasjonal kvote, gruppekvote og distriktskvote
- § 12. Kvotor for fartøy
- § 13. Kvotor til forsking, overvaking, undervisning og praktiske reiskapsforsøk
- § 14. Spesielle kvoteordningar

## Kapittel 4. Gjennomføring av hausting og anna utnytting av viltlevende marine ressursar

- § 15. Ilandføringsplikt
- § 16. Gjennomføring av hausting
- § 17. Tap av reiskapar
- § 18. Forbod mot bruk av sprengstoff o.a.
- § 19. Marine beskytta område
- § 20. Forbod mot hausting med trål og andre reiskapar i visse område
- § 21. Forbod mot hausting i område som er påverka av ureining
- § 22. Sports- og rekreasjonsfiske
- § 23. Omsetningsgrense for sports- og rekreasjonsfiske

## Kapittel 5. Orden på haustingsfelt, erstatning, lokale reguleringar og utval

- § 24. Reglar om aktsemeld
- § 25. Forkastregelen
- § 26. Hausting med trål eller snurrevad
- § 27. Lås- og stengsetjing
- § 28. Forbod mot å etterlate gjenstandar i sjøen
- § 29. Berging av reiskapar og fangst
- § 30. Erstatningsansvar
- § 31. Panterett til sikring av erstatningskrav
- § 32. Lokale reguleringar og utval
- § 33. Tilsynspersonar

## Kapittel 6. Tilrettelegging for kontroll

- § 34. Plikt til å legge til rette for kontroll om bord i fartøy

- § 35. Plikt til å innhente informasjon
- § 36. Opplysningspliktene til haustaren (fangstdagbok o.a.)
- § 37. Omlasting, skifte av haustingsområde og avslutning av hausting
- § 38. Registrering som mottakar og kjøpar av fangst i første hand
- § 39. Landings- og sluttsetel og førehandsvarsel om landing
- § 40. Plikt til å sikre opplysnings om fangst
- § 41. Sporing
- § 42. Omrekningsfaktorar
- § 43. Bruk av elektronisk utstyr og programvare

#### Kapittel 7. Kontroll og handheving

- § 44. Kontrollansvaret til Fiskeridirektoratet
- § 45. Samarbeid ved kontroll
- § 46. Gjennomføring av kontroll
- § 47. Utlåsing av inspektørar og observatørar
- § 48. Kontrolloppgåvane til salslaga
- § 49. Utveksling av opplysnings mellom kontrollstyresmakter o.a.

#### Kapittel 8. Tiltak mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske

- § 50. Forbod mot ilandføring av fangst
- § 51. Tiltak mot dei som driv eller medverkar til ulovleg, urapportert og uregulert fiske
- § 52. Forbod mot verksemid som kan undergrave forvaltningstiltak

#### Kapittel 9. Fangst som er hausta eller levert i strid med lova

- § 53. Forbod mot omsetning
- § 54. Fangst som er hausta eller levert i strid med lova

#### Kapittel 10. Avgifter, register og plikt til å gje opplysnings om drifta av fartøy

- § 55. Kontrollavgift
- § 56. Register
- § 57. Plikt til å gje opplysnings om drifta av fartøy

#### Kapittel 11. Tvangsmulkt og lovbrotsgebyr

- § 58. Tvangsmulkt
- § 59. Lovbrotsgebyr

#### Kapittel 12. Straffansvar

- § 60. Brot på reguleringsføresegner
- § 61. Brot på reglar om gjennomføring av hausting og orden på haustingsfelt
- § 62. Brot på reglar som skal leggje til rette for kontroll
- § 63. Brot på reglar om kontroll og handheving
- § 64. Fellesføresegner om straff
- § 65. Inndraging

#### Kapittel 13. Allmenne føreseger og ikraftsetjing

- § 66. Havforskning og praktiske reiskapsforsök
- § 67. Forskrifter
- § 68. Forskrifter etter saltvassfiskelova o.a.
- § 69. Ikraftsetjing
- § 70. Endringar i andre lover

## **Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)**

Jf. tidligere saltvannsfiskelov 3 juni 1983 nr. 40.

### **Kapittel 1. Innleiande føreseger**

#### **§ 1. Formål**

Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna.

#### **§ 2. Retten til ressursane**

Dei viltlevande marine ressursane ligg til fellesskapet i Noreg.

#### **§ 3. Sakleg verkeområde**

Lova gjeld all hausting og anna utnytting av viltlevande marine ressursar og tilhøyrande genetisk materiale. Viltlevande marine

ressursar er fisk, sjøpattedyr med heilt eller delvis tilhald i sjøen, andre marine organismar og planter med tilhald i sjøen eller på eller under havbotnen, og som ikkje er i privat eige. Lova gjeld likevel ikkje hausting og anna utnytting av anadrome laksefiskar slik det er definert i lov 15. mai 1992 nr. 47 om lakse- og innlandsfisk m.v. § 5 bokstav a.

For å sikre at hausting og anna utnytting skjer i samsvar med føresegnere fastsette i eller i medhald av lova, gjeld lova også for andre tiltak i samband med hausting og anna utnytting av fangst, så som omlasting, levering, landing, mottak, transport, oppbevaring, produksjon og omsetning.

Føresegnene i kapittel 5 jf. kapittel 11 og 12, gjeld også for annan aktivitet enn den som er nemnd ovanfor, når slik aktivitet har innverknad på hausting og anna utnytting av viltlevende marine ressursar og tilhøyrande genetisk materiale.

#### **§ 4. Stadleg verkeområde**

Lova gjeld på norsk fartøy, på norsk landterritorium unntake Jan Mayen og Svalbard, i norsk sjøterritorium og indre farvatn, på den norske kontinentalsokkelen og i område oppretta med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone §§ 1 og 5.

Kongen kan fastsetje at heile eller delar av lova skal gjelde på norsk landterritorium på Jan Mayen, Svalbard, Bouvetøya, Peter Iøy og Dronning Maud Land.

Utanfor område som er nemnde i første og andre ledd, gjeld lova for norske rettssubjekt så langt dette ikkje strir mot jurisdiksjonen til ein annan stat, og for dei som er omfatta av § 5 andre ledd.

#### **§ 5. Personelt verkeområde**

Lova gjeld for alle innanfor det stadlege område til lova. I område som er oppretta med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone §§ 1 og 5, gjeld forskrifter etter lova her likevel berre for utlendingar og utanlandske føretak når det er fastsett i forskriftene.

For utlendingar og utanlandske føretak gjeld lova i område utanfor nokon stats jurisdiksjon når dette følgjer av internasjonal avtale. I slike område gjeld lova også for statslause fartøy og for fartøy som kan sidestillast med slike.

#### **§ 6. Tilhøvet til folkeretten**

Lova gjeld med dei avgrensingane som følgjer av internasjonale avtalar og folkeretten elles.

#### **§ 7. Forvaltningsprinsipp og grunnleggjande omsyn**

Departementet skal vurdere kva slags forvaltningstiltak som er nødvendige for å sikre ei berekraftig forvaltning av dei viltlevande marine ressursane.

Ved forvaltninga av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet skal det leggjast vekt på

- a) ei føre-var-tilnærming i tråd med internasjonale avtalar og retningslinjer
- b) ei økosystembasert tilnærming som tek omsyn til leveområde og biologisk mangfold
- c) ein effektiv kontroll med hausting og anna utnytting av ressursane
- d) ei formålstenleg fordeling av ressursane, som mellom anna kan medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna
- e) ei optimal utnytting av ressursane som er tilpassa marin verdiskaping, marknad og industri
- f) at haustingsmetodar og reisksapsbruk tek omsyn til behovet for å redusere moglege negative verknader på levande marine ressursar
- g) at forvaltningstiltak er med og sikrar det materielle grunnlaget for samisk kultur.

Det er forbode å setje ut organismar og levande rogn utan løyve frå departementet. Departementet kan i forskrift eller enkeltvedtak gjøre unntak frå forbodet i første punktum.

Endra med lov 19 juni 2009 nr. 100 (ikr. 1 feb 2011 iflg. res. 7 jan 2011 nr. 10).

#### **§ 8. Reguleringsråd**

Departementet kan oppnemne eit reguleringsråd som kan gje fråsegner før fastsetjing av forskrifter i medhald av lova. Departementet kan fastsetje forskrifter om samansetjinga av reguleringsrådet og om oppgåvene til rådet. Organisasjonar for dei interessene som sakene vanlegvis vedkjem, skal vere representerte i rådet.

Når reguleringsrådet har gjeve fråsegn om reguleringsforskrifter etter §§ 11 til 13 og 16, er det ikkje nødvendig med høyring etter reglane i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 37.

#### **§ 8a. Saker der fylkeskommunane har kompetanse**

Fylkeskommunane kan fatte vedtak på særskilde områder innanfor lova sitt verkeområde når dette er fastsett i forskrift.

Departementet kan i forskrift fastsetje nærmere reglar om fylkeskommunane sin kompetanse etter denne føresegna. I dei sakene der fylkeskommunane er gitt kompetanse til å fatte vedtak, er Fiskeridirektoratet klageinstans.

Tilføyd ved lov 9 jan 2009 nr. 4 (ikr. 1 jan 2010).

## Kapittel 2. Marin bioprospektering

### § 9. Gjennomføring av marin bioprospektering

Kongen kan fastsetje at uttak og undersøking i sjø i samband med marin bioprospektering krev løyve fra departementet.

Føresegne i lova gjeld for marin bioprospektering så langt dei høver.

Kongen kan fastsetje forskrifter om marin bioprospektering, mellom anna gjere unntak fra føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova, fastsetje kva slags opplysningar søknaden skal innehalde, og gje nærmere reglar om kva slags vilkår som kan setjast.

### § 10. Fordelar frå utnytting av marint genetisk materiale

I løyve etter § 9 kan det fastsetjast at ein del av fordelane frå utnytting av norsk marint genetisk materiale skal tilfalle staten.

I løyve etter § 9 kan det fastsetjast at genetisk materiale og resultat frå prospekteringen ikkje kan omsetjast eller formidlast vidare utan samtykke frå og eventuelt vederlag til staten.

Når det er drive marin bioprospektering eller utnytting av genetisk materiale utan at det er gjeve løyve etter § 9, kan Kongen fastsetje at ein del av fordelane som nemnde i første ledd skal tilfalle staten.

## Kapittel 3. Fangstmengd og kvotar

### § 11. Nasjonal kvote, gruppekvote og distriktskvote

Departementet kan fastsetje eit største tillate uttak (nasjonal kvote) for viltlevande marine ressursar målt i kvantum, individ, haustingsdøgn eller andre innsatsfaktorar. Nasjonal kvote skal fastsetjast for bestemte tidsrom. Når det er fastsett ein nasjonal kvote, kan det ikkje fastsetjast gruppekvotar, forskings- og undervisningskvotar og liknande som til saman utgjer meir enn den nasjonale kvoten.

Departementet kan fastsetje eit største tillate uttak for kvar fartøy- eller reiskapsgruppe eller anna definert gruppe (gruppekvote). Gruppekvote skal fastsetjast for bestemte tidsrom.

Departementet kan fastsetje at ein del av den nasjonale kvoten eller ein del av gruppekvoten for ei eller fleire fartøygrupper skal leverast til tilverking ved landanlegg i bestemte distrikt (distriktskvote). Departementet kan fastsetje forskrifter om fordeling av og vilkår for utnytting av distriktskvoten.

Departementet kan fastsetje at ein del av den nasjonale kvoten eller ein del av gruppekvoten for ei eller fleire fartøygrupper skal leverast til ein bestemt bruk eller i ein bestemt tilstand.

Når ei fartøygruppe samla får ei rimeleg fangstordning, kan departementet fastsetje fangstavgrensingar for desse eller at fartøya i gruppa ikkje skal få vere med i enkelte fiskeri.

### § 12. Kvotar for fartøy

Departementet kan i forskrift fastsetje kvotar for enkeltfartøy målt i kvantum, individ, haustingsdøgn eller andre innsatsfaktorar. Kvitane kan fastsetjast for visse tidsrom eller per tur og for ein bestand eller samla for fleire bestandardar.

Når verksemda fell inn under lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven), kan kvoten berre haustast med fartøy som det er gjeve ervervsløyve for, og som kan nyttast i verksemda etter reglane i deltakerloven.

Når verksemda ikkje fell inn under deltakerloven, kan kvoten tildelast til person eller føretak. Det kan setjast vilkår om registrering i eige register for slik tildeling. Departementet kan gje nærmere føresegner om registeret.

### § 13. Kvotar til forsking, overvakning, undervisning og praktiske reiskapsforsøk

Det kan tildelast kvotar til

- a) forskingsinstitusjonar
- b) den som får løyve til praktiske forsøk til utvikling av reiskapar, fangstmetodar og liknande etter § 66
- c) overvakning av fiskefelt
- d) offentleg godkjende undervisningsinstitusjonar.

Ved hausting av kvotar som er nemnde i første ledd, kan det nyttast eigne fartøy eller leigde fartøy som det er gjeve ervervsløyve for, når verksemda elles ville kome inn under deltakerloven.

Reiskapsavgrensingane for fartøy som ikkje er merkeregistrerte, jf. § 22, gjeld ikkje for hausting etter denne føresegna.

#### **§ 14. Spesielle kvoteordningar**

Som ledd i ei tilpassing av fiskeflåten til ressursgrunnlaget kan departementet i forskrift gje reglar om høgare kvote for enkeltfartøy når anna fartøy permanent eller mellombels vert teke ut av haustingsverksemda. Departementet kan fastsetje fleire vilkår for tildeling av slik høgare kvote.

### **Kapittel 4. Gjennomføring av hausting og anna utnytting av viltlevende marine ressursar**

#### **§ 15. Ilandføringsplikt**

All fangst av fisk skal førast i land. Departementet kan i forskrift gjere unntak frå ilandføringsplikta og forby utkast av biologisk avfall.

Departementet kan i forskrift fastsetje plikt til ilandføring av bifangst av andre marine organismar, plantar, sjøpattedyr og sjøfuglar eller rapporteringsplikt for slik bifangst.

#### **§ 16. Gjennomføring av hausting**

All hausting og anna utnytting av viltlevende marine ressursar skal skje så skånsamt som mogleg.

Departementet kan fastsetje forskrifter om gjennomføring av hausting, mellom anna om

- a) tidsrom for hausting og tidspunkt for utsegligning
- b) kor mange fartøy frå ulike grupper som kan hauste samtidig i eit område
- c) forbod mot hausting i visse område, av visse artar eller med visse reiskapar
- d) utforming, merking, bruk og røkting av reiskapar og andre innretningar som vert nytta i samband med hausting
- e) største eller minste tillatne storleik på individ og at det berre eller for ein del skal haustast hann- eller hoindivid
- f) tillaten bifangst
- g) utforming og bruk av haustingsreiskapar for å redusere skadeverknader på andre artar enn målartane.

#### **§ 17. Tap av reiskapar**

Den som mistar eller må kutte reiskapar, har plikt til å sokne etter reiskapane. Departementet kan gjere unntak frå plikta til å sokne.

Departementet kan fastsetje forskrift om rapportering ved tap av reiskapar eller funn av tapte reiskapar, mellom anna om kva som er mista og kvar reiskapane er mista.

#### **§ 18. Forbod mot bruk av sprengstoff o.a.**

Det er forbode å bruke sprengstoff, skytevåpen og gift ved hausting.

Forbodet mot bruk av sprengstoff og skytevåpen gjeld ikkje ved hausting av sjøpattedyr eller større bruskfiskar. Departementet kan fastsetje nærmare reglar for å sikre at avliving av sjøpattedyr og større bruskfiskar skjer i samsvar med forsvarlege avlivingsmetodar.

#### **§ 19. Marine beskytta område**

Kongen kan opprette marine beskytta område der hausting og anna utnytting av viltlevende marine ressursar er forbode. Det kan gjerast unntak for haustingsverksemde og anna utnytting som ikkje vil vere i strid med formålet med det beskytta området.

#### **§ 20. Forbod mot hausting med trål og andre reiskapar i visse område**

Det er forbode å hauste med trål innanfor territorialgrensa ved det norske fastlandet, med unntak av hausting med taretrål, reketrål og krepsetrål. Departementet kan i forskrift gjere unntak frå forbodet i første punktum i visse område, for visse tidsperiodar eller for hausting med bestemte trålreiskapar eller hausting av bestemte artar og fastsetje kva som er å rekle som trål etter denne paragrafen.

Departementet kan i forskrift fastsetje forbod mot hausting for andre fartøy- eller reiskapsgrupper innanfor grunnlinjene, innanfor linjer i ein viss avstand frå grunnlinjene eller innanfor fastsette posisjonar.

#### **§ 21. Forbod mot hausting i område som er påverka av ureining**

Departementet kan forby eller avgrense hausting i område og av artar som kan vere påverka av ureining.

#### **§ 22. Sports- og rekreasjonsfiske**

Når det vert hausta med fartøy som ikkje er merkeregistrerte eller fiska frå land, kan det ikkje nyttast andre reiskapar enn

- a) handsnøre, fiskestong og liknande handreiskapar
- b) éi maskindriven jukse eller dorg
- c) garn med samla lengd på inntil 210 meter
- d) liner med inntil 300 onglar
- e) inntil 20 teiner eller ruser.

Desse reiskapsavgrensingane gjeld også når same person eller dei same personane nyttar fleire fartøy.

Departementet kan i forskrift gjere unntak frå føresegne i første ledd for bruk av landnot.

Departementet kan i forskrift fastsetje kvantumsavgrensingar, strengare reiskapsavgrensingar eller forbod mot hausting i nærmere bestemte område når det er nødvendig av omsyn til ressursforvaltninga.

For den som ikkje er norsk statsborgar eller likestilt med norsk statsborgar i medhald av lov 17. juni 1966 nr. 19 om forbud mot at utlendinger driver fiske m.v. i Norges territorifarvann (fiskeriforbudsloven) § 2, gjeld den strengare reiskapsavgrensinga i fiskeriforbudsloven § 3.

Departementet kan i forskrift påleggje eit utval av personar som driv sports- og rekreasjonsfiske, å gje opplysningar til styresmaktene om haustinga for statistikkformål. Tilsvarande pålegg kan også rettast mot den som eig eller driv anlegg eller verksemد som slik hausting vert driven frå.

Dei andre føresegne i eller fastsette i medhald av lova gjeld så langt dei høver.

#### **§ 23. Omsetningsgrense for sports- og rekreasjonsfiske**

Ein person eller eit føretak kan per kalenderår ikkje omsetje fangst som er teken med fartøy som ikkje er merkeregistrert, eller frå land, for meir enn den summen som er fastsett i lov 19. juni 2009 nr 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven) § 2-1 første ledd første punktum. Denne grensa gjeld sjølv om fleire personar eller føretak omset fangst som er hausta med det same fartøyet. Den som eig merkeregistrert fartøy, kan likevel ikkje omsette slik fangst av fiskeslag som han er tildelt kvote for etter § 12.

Departementet kan i forskrift gjere unntak frå føresegne i første ledd for omsetning av fangst som er teken med landnot.

For den som ikkje er norsk statsborgar eller likestilt med norsk statsborgar i medhald av fiskeriforbudsloven § 2, gjeld omsetningsforboden for fangst i fiskeriforbudsloven § 3.

Endra med lov 25 juni 2010 nr. 43.

### **Kapittel 5. Orden på haustingsfelt, erstatning, lokale reguleringar og utval**

#### **§ 24. Reglar om aktsemd**

Den som kjem til haustingsfelt der reiskapar er sette ut, skal gjere seg kjend med kvar reiskapane står. Alle skal fare fram slik at haustingsreiskapar ikkje vert skadde eller utsette for fare.

Det er forbode å hindre eller øydeleggje høvet til hausting med skyting, støy eller anna utilbørleg framferd.

Departementet kan gje nærmere reglar om manøvrering av fartøy og framferd på haustingsfelt.

#### **§ 25. Forkastregelen**

Den som først tek til å setje ut reiskapane sine og held fram med det utan uvanleg opphold, har rett til å hauste i det området som reiskapane krev eller vil femne om.

Dei som tek til å setje ut reiskapane sine samtidig, har lik rett.

Dei som ikkje har reiskapar ute, skal på oppmoding flytte dersom dei ligg i vegen for den som har teke til å hauste eller går i gang med å setje ut reiskapane sine.

#### **§ 26. Hausting med trål eller snurrevad**

Det er forbode å hauste med trål eller snurrevad nærmere enn éi nautisk mil frå utsette fiske- eller fangstreiskapar eller merke for slike reiskapar eller fartøy som driv garn- eller linefiske.

Departementet kan fastsetje at grensa i første ledd skal vere kortare eller ikkje skal gjelde for bestemte fiskeri med trål eller snurrevad.

Føresegna i første ledd gjeld ikkje der det er oppretta utvalsområde og gjennomført havdeling i medhald av § 32.

## § 27. Lås- og stengsetjing

Alle som haustar med not, har rett til å fortøye slepekast i land når det skjer i rimeleg avstand frå hus der det bur folk, eller hytte som er i bruk, og utan utilbørleg fortrengsle eller ulempe for andre.

Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøyde i land eller oppankra på annan måte.

Departementet kan fastsetje forskrifter om sleping og stengsetjing av fangst i sjøen, mellom anna om oppbevaring av fangst og opning av steng, for å hindre at fangsten får skade, vert kvalitetsforringa eller at fangsten ureinar eller vert ureina av omgjevnadene.

## § 28. Forbod mot å etterlate gjenstandar i sjøen

Det er forbode å kaste, eller unødvendig etterlate reiskapar, fortøyningar og andre gjenstandar i sjøen eller på botnen som kan skade marint liv, hemme gjennomføring av hausting, skade haustingsreiskapar eller setje fartøy i fare.

Den som fer fram i strid med forboden i første ledd, pliktar å rydde etter seg eller fjerne gjenstandane. Fiskeridirektoratet kan gi pålegg om rydding eller fjerning.

Vert pålegg etter andre ledd ikkje følgt, kan Fiskeridirektoratet setje i verk nødvendige tiltak for den ansvarlege si rekning og risiko. Utgifter ved slike tiltak er tvangsgrunnlag for utlegg.

## § 29. Berging av reiskapar og fangst

Den som bergar bortdrivne, tapte eller etterlatne reiskapar, lettbåt og anna utstyr, skal så snart som mogleg melde frå om dette til eigaren. Departementet kan fastsetje forskrift om rapportering ved bering av bortdriven, tapt eller etterlaten reiskap, mellom anna om kva som er berga og kvar det er funne.

Den som bergar reiskapar, har rett til bergeløn. Bergeløna skal fastsetjast i samsvar med sedvane eller til det som er rimeleg. Bergeløna kan ikkje setjast høgare enn verdien av det som er berga.

Berga fangst tilkjem bergaren. Er verdien av fangsten monaleg større enn bergeløna, kan bergeløna heilt eller delvis falle bort.

Det som er berga, kan ikkje krevjast utlevert før bergeløn og kostnader er dekte. Når bergeløn og kostnader er dekte, pliktar bergaren å utlevere det som er berga. Eigaren har plikt til å godta tilbakelevering når det er rimeleg at bergaren krev dette etter at det som er berga er sikra.

Departementet kan fastsetje forskrifter om bering av reiskapar.

## § 30. Erstatningsansvar

Den som skader reiskapar som er sette ut i sjøen for fangst, pliktar utan omsyn til skuld å erstatte skaden, mellom anna tap av fangst og tap som følgje av avbrot i haustinga.

Erstatninga etter første ledd kan reduserast eller falle bort dersom skadevaldaren godtgjør å vere utan skuld i skaden.

Er drivande eller fastståande reiskapar skadde, har trål- og snurrevadefiskarar som samtidig har fiska på feltet, plikt til å legge fram bevis for at dei ikkje er årsak til skaden.

## § 31. Panterett til sikring av erstatningskrav

Den som har krav på skadeerstatning etter lova eller som følgje av samanstøyt mellom haustingsfartøy, hjelpefartøy eller fartøy som fører fangst, har panterett i fartøya, reiskapane og fangsten til skadevaldaren. Reglane om sjøpant i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven) kapittel 3 gjeld tilsvarande. Krava har same prioritet som dei krava som er nemnde i sjøloven § 51 første ledd nr. 4.

Panterett i fangst fell bort når fangsten er omsett. Den som utan samtykke frå kravshavaren selde fangsten, vert personleg ansvarleg for kravet. Dette ansvaret gjeld likevel ikkje for den summen som han godtgjør at pantet ikkje kunne ha dekt.

## § 32. Lokale reguleringer og utval

Departementet kan opprette utvalsområde der Fiskeridirektoratet eller utval som er oppnemnde av Fiskeridirektoratet, kan fastsetje lokale forskrifter om

- a) havdeling og trygg avstand mellom ulike reiskapsgrupper
- b) utplassering og merking av reiskapar
- c) tidspunkt for utseglings- og liknande
- d) melde- og oppgåveplikt til Fiskeridirektoratet for å delta i hausting i slike område.

Fiskeridirektoratet kan fastsetje lokale forskrifter også utanfor slike område.

Lokale organisasjoner har forslagsrett ved fastsetjing av lokale forskrifter og ved oppnemning av utval.

### **§ 33. Tilsynspersonar**

I utvalsområde kan Fiskeridirektoratet nemne ut tilsynspersonar som ved rettleiing og åtvaring skal arbeide for å hindre brot på føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova, og vere med å halde oppe ro og orden på haustingsfelt.

## **Kapittel 6. Tilrettelegging for kontroll**

### **§ 34. Plikt til å legge til rette for kontroll om bord i fartøy**

For å legge til rette for kontroll med føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova eller anna havressurslovgjeving, kan departementet i forskrift forby eller gje pålegg om

- a) å ha om bord eller bruke reiskapar
- b) korleis reiskapar som ikkje er i bruk, skal oppbevarast
- c) å ha om bord eller bruke utstyr som kan nyttast til sortering, oppmaling, dumping, utkast o.a. av fangst
- d) å ha om bord og bruke utstyr som overvaker og rapporterer aktiviteten til fartøyet, som til dømes satellittsporingsutstyr og ferdskrivar
- e) å ha om bord godkjende teikningar av oppbevaringsstader og av fartøyet elles
- f) korleis fangst skal merkjast og stuast, og å ha om bord oversikt over korleis fangsten er stuast
- g) å ha om bord og bruke utstyr og dokumentasjon som sikrar kontroll med det kvantum som vert hausta.

### **§ 35. Plikt til å innhente informasjon**

Departementet kan fastsetje forskrifter om plikt til å lytte på bestemte radiofrekvensar til bestemte tider og om plikt til å skaffe og bruke anna kommunikasjonsutstyr for å ta imot meldingar frå styresmaktene.

### **§ 36. Opplysningspliktene til hauстaren (fangstdagbok o.a.)**

Departementet kan i forskrift påleggje eigaren eller brukaren av fartøy å føre fangstdagbok og gje nærmere reglar om korleis ho skal førast, kva slags opplysningar ho skal innehalde, og om oppbevaring og innsending av fangstdagboka.

Departementet kan i forskrift påleggje eigaren eller brukaren av fartøy å gje andre opplysningar om hausting og produksjon av fangst.

### **§ 37. Omlasting, skifte av haustingsområde og avslutning av hausting**

Departementet kan av kontrollomsyn forby eller fastsetje nærmere reglar om omlasting, mellom anna at den som lastar om, skal melde frå om dette innan fastsette fristar, og at omlasting berre kan skje på eller innanfor bestemte posisjonar eller i ei bestemt hamn.

Departementet kan i forskrift gje pålegg om at den som tek til å hauste, skifter haustingsområde eller avsluttar haustinga, skal melde frå om dette innan fastsette fristar og framstille seg for kontroll på eller innanfor bestemte posisjonar eller i ei bestemt hamn.

### **§ 38. Registrering som mottakar og kjøpar av fangst i første hand**

Departementet kan i forskrift gje reglar om at den som tek imot fangst som vert lossa eller omlasta frå fartøy, skal vere registrert som mottakar hos Fiskeridirektoratet, og om at den som kjøper fangst i første hand, skal vere registrert som kjøpar hos Fiskeridirektoratet. Det kan fastsetjast vilkår for slik registrering.

### **§ 39. Landings- og sluttsetel og førehandsvarsle om landing**

Eigaren eller brukaren av haustings- eller transportfartøy og den som tek imot fangst, skal skrive ut ein landingssetel med opplysningar om fangsten. Dette gjeld uansett om fangsten vert overført til anlegg på land, anna fartøy eller til oppbevaring i sjø.

Eigaren eller brukaren av haustings- eller transportfartøy og den som kjøper fangst i første hand, skal skrive ut ein sluttsetel med opplysningar om fangsten.

Departementet kan i forskrift gje nærmere reglar om omfanget av pliktene i første og andre ledd, mellom anna korleis setelen skal førast, kva slags opplysningar setelen skal innehalde, og om oppbevaring og innsending av setelen.

Departementet kan i forskrift fastsetje at dei som er nemnde i første og andre ledd, skal sende førehandsvarsle til styresmaktene om kvar, korleis og når landing eller mottak av fangst skal skje, kva slags opplysningar om fangsten førehandsvarslelet skal innehalde, og at førehandsvarsle skal sendast ei viss tid før fangsten kan landast.

### **§ 40. Plikt til å sikre opplysningar om fangst**

Departementet kan i forskrift gje reglar om at dei som haustar, tek imot, transporterer, oppbevarer, produserer eller omset viltlevande marine ressursar, skal ha og bruke dokumentasjon og utstyr som sikrar kontroll med kvantumet som vert motteke,

transportert, oppbevart, produsert, teke ut frå oppbevarings- eller produksjonsstad eller omsett. Departementet kan også gje reglar om korleis viltlevande marine ressursar skal oppbevarast.

#### **§ 41. Sporing**

Departementet kan i forskrift gje reglar om at dei som haustar, tek imot, transporterer, oppbevarer, produserer eller omset viltlevande marine ressursar, skal kunne dokumentere dei opplysningane som trengst for at det heile tida skal vere mogleg å spore fisk o.a. tilbake til ein fangst som er registrert på landings- eller slutsettet.

#### **§ 42. Omrekningsfaktorar**

Departementet kan i forskrift fastsetje omrekningsfaktorar frå tilverka eller landa fangst til rund vekt og mellom ulike grader av tilverking.

Eigaren og brukaren av haustingsfartøy og produksjonsanlegg har plikt til å samarbeide når Fiskeridirektoratet hentar inn måleprøver til omrekningsfaktorar.

#### **§ 43. Bruk av elektronisk utstyr og programvare**

Departementet kan i forskrift fastsetje at registrering og overføring av opplysningar som er nemnde i dette kapittelet, skal skje ved bruk av bestemt elektronisk utstyr og programvare.

### **Kapittel 7. Kontroll og handheving**

#### **§ 44. Kontrollansvaret til Fiskeridirektoratet**

Fiskeridirektoratet skal føre kontroll med at dei som lova gjeld for, held seg til føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova og anna lovgjeving om deltaking i, leiting etter og uttak, omsetning, produksjon, innførslle og utførslle av viltlevande marine ressursar.

#### **§ 45. Samarbeid ved kontroll**

Dei som vert kontrollerte i samsvar med føresegner som er gjevne i eller i medhald av lova eller anna lovgjeving som er nemnd i § 44, skal samarbeide med kontrollstyresmaktene ved gjennomføring av kontroll, mellom anna ved å svare på oppkalling over radio eller anna kommunikasjonsutstyr.

#### **§ 46. Gjennomføring av kontroll**

Fiskeridirektoratet skal ha uhindra og direkte tilgang til fartøy i gjennomføring av kontroll etter § 44. Same tilgangen skal Fiskeridirektoratet ha til reiarlagskontor og fiskemottak og hos alle andre som i ervervssamanheng rår over, transporterer, oppbevarer, produserer eller på andre måtar handterer viltlevande marine ressursar, og til stader der relevante dokument og opplysningar er å finne. Det same gjeld også hos dei som i forskrift er pålagde å gje opplysningar i medhald av § 22 femte ledd.

Fiskeridirektoratet skal ha uhindra og direkte tilgang til rekneskapar, relevante dokument, gjenstandar og opplysningar hos alle som er nemnde i første ledd.

Ansvarshavande eller representant for ansvarshavande skal gje tilgang til og leggje fram relevante gjenstandar, relevante og korrekte opplysningar og dokument og stadfeste kopiar av desse. Vidare skal han tillate merknader i fangstdagbok, mottaksjournal og liknande og skrive under kontrollrapporten som vert sett opp. Ansvarshavande eller representant for ansvarshavande kan føre merknader på rapporten.

Fiskeridirektoratet kan gje pålegg om å stanse fartøy, trekke reiskapar eller sjølv trekke reiskapar og forankring til slike og stanse andre pågående aktivitetar om bord i fartøy eller på land. Fiskeridirektoratet kan vidare gje pålegg om å stanse transportmiddel. Fiskeridirektoratet kan plombere reiskapar og oppbevaringsstader for viltlevande marine ressursar, dokument, relevante opplysningar og gjenstandar.

Fiskeridirektoratet kan gjennomføre produksjonsprøver, opne emballasje og ta prøver av vareparti, mellom anna tine fryst vare. Dersom eigaren av vara eller andre vert påførte utgifter gjennom slike undersøkingar, kan utgiftene ikkje krevjast refunderte.

Politiet skal yte Fiskeridirektoratet nødvendig hjelp og vern ved gjennomføring av kontroll.

#### **§ 47. Utplassering av inspektørar og observatørar**

Inspektørar og observatørar kan plasserast om bord i haustingsfartøy. Dei skal ha nødvendig kost og losji for fartøyet si rekning, og dei skal utan vederlag kunne bruke kommunikasjonsutstyr.

Departementet kan fastsetje forskrift om

- a) oppgåvene til observatøren
- b) kva fartøygrupper og kor mange fartøy som skal ha inspektør eller observatør om bord, og korleis fartøya skal veljast ut

- c) at kostnadene ved inspektør- og observatørordninga, mellom anna løns- og transportkostnadene, skal fordelast på alle deltagande fartøy i ei nærmere definert fartøygruppe eller i særlege tilfelle heilt eller delvis berast av enkeltfartøy
- d) at fartøy som ikkje har betalt pålagde inspektør- eller observatørkostnader kan nektast å delta i vedkomande haustingsverksemnd.

Krav etter vedtak etter andre ledd bokstav c er tvangsgrunnlag for utlegg.

#### **§ 48. Kontrolloppgåvene til salslag**

Salslag som har vedtekter som er godkjende i medhald av lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk (råfiskloven), skal kontrollere at føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova vert følgde. Kontrollen skal avgrensast til opplysningar som naturleg følger av salslaget si verksemnd etter råfiskloven, særleg kontroll med at fangsttak og landa fangst er i samsvar med føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova her. Departementet kan påleggje salsorganisasjonane å kontrollere opplysningar om fangstar som ikkje kjem inn under den retten salslaget har til førstehandsomsetning.

Ved gjennomføring av kontrollen kan salslaget krevje uhindra tilgang til haustings- eller transportfartøy og til kontora, lagera og produksjonsanlegga til kjøparen eller mottakaren. Det same gjeld når fangst vert overført frå eller til steng eller merd. I denne samanhengen kan salslaget krevje uhindra tilgang til fangstdagbok, landingsjournal, setlar og rekneskapar. Departementet kan i forskrift stille krav til korleis salslaget organiserer kontrollverksemda.

Dei som vert kontrollerte, har plikt til å samarbeide ved kontrollen.

Departementet kan fastsetje forskrift om gjennomføring av kontroll som er nemnd i denne paragrafen, og om rapporterings- og kontrollrutinar.

#### **§ 49. Utveksling av opplysningar mellom kontrollstyresmakter o.a.**

Personell i Fiskeri- og kystdepartementet og Fiskeridirektoratet kan utan hinder av teieplikt gje andre kontrollstyresmakter, politi eller påtalemakt opplysningar som har naturleg samanheng med oppgåvene deira etter lova her.

Teieplikt for personell i andre kontrollstyresmakter, politi eller påtalemakt hindrar ikkje at dei gjev Fiskeri- og kystdepartementet eller Fiskeridirektoratet opplysningar som er nemnde i første ledd.

Kongen kan fastsetje nærmare forskrifter om utveksling av opplysningar etter denne paragrafen.

### **Kapittel 8. Tiltak mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske**

#### **§ 50. Forbod mot islandføring av fangst**

Departementet kan forby islandføring av viltlevande marine ressursar som er fanga med fartøy som ikkje er norsk, eller med fartøy som ikkje er disponert av norsk statsborgar eller nokon som er likestilt med norsk statsborgar, når

- a) fangsten er frå ein fiskebestand av felles interesse med andre statar, som ikkje er forvalta felles
- b) fangsten er teken i strid med eit ønskjeleg beskatnings- eller fiskemönster, fører til overfiske av forsvarlege totalkvotar eller er i strid med internasjonale avtalar
- c) flaggstaten etter oppmoding ikkje kan stadfeste at fangsten er teken i fiskeriaktivitet i samsvar med eit ønskjeleg beskatnings- eller fiskemönster, eller er i strid med reglar om fiskeriaktivitet som er avtalte med ein framand stat.

#### **§ 51. Tiltak mot dei som driv eller medverkar til ulovleg, urapportert og uregulert fiske**

Departementet kan fastsetje forskrift om

- a) forbod mot islandføring, omlasting og tilverking av fangst i norsk hamn med fartøy som ikkje er norsk, når fartøyet har teke del i fiske som klårt stirr mot eit ønskjeleg beskatnings- eller fiskemönster, eller klårt stirr mot reglar om fiske som er avtalte med ein framand stat
- b) forbod mot islandføring, omlasting og tilverking av fangst i norsk hamn med fartøy som ikkje er norsk, når den som eig eller driv fartøyet er eit rettssubjekt som med eit anna fartøy har teke del i fiske som klårt stirr mot eit ønskjeleg beskatnings- eller fiskemönster, eller klårt stirr mot reglar om fiske som er avtalte med ein framand stat
- c) forbod mot lasting og lossing og mot hamne-, forsynings- og støttetenester i norsk hamn til og frå fartøy som har eller får forbod etter bokstav a eller b
- d) forbod i territorialfarvatnet mot forsynings- og støttetenester og omlasting til og frå fartøy som har eller får forbod etter bokstav a eller b
- e) forbod mot forsynings- og støttetenester til og frå anna fartøy med norsk fartøy eller på annan måte, når det førstnemnde fartøyet har eller får forbod etter bokstav a til d
- f) forbod etter bokstav a til e for fartøy som er oppførte på lister i regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar over fartøy som driv ulovleg, urapportert eller uregulert fiske.

Kongen kan fastsetje forskrift som forbyr fartøy som ikke er norsk, jf. fiskeriforbudsloven § 2, tilgang til norske indre farvatn, dersom vilkåra for å forby ilandføring av fangsten etter § 50 eller etter paragrafen her første ledd bokstav a, b eller f, er oppfylte.

#### **§ 52. Forbod mot verksemnd som kan undergrave forvaltningstiltak**

Departementet kan for å motverke ulovleg, urapportert og uregulert fiske forby verksemnd som kan vere med på å undergrave nasjonale forvaltningstiltak og tiltak frå internasjonale og regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar.

### **Kapittel 9. Fangst som er hausta eller levert i strid med lova**

#### **§ 53. Forbod mot omsetning**

Det er forbode å ta imot eller omsetje fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova. Departementet kan i forskrift fastsetje forbod mot å ta imot eller omsetje fangst ved brot på føresegner som er fastsette i eller i medhald av §§ 40, 41 og 52.

Det er likevel lov å ta imot eller omsetje slik fangst når det er gjort vedtak etter § 54, eller når Fiskeridirektoratet eller salslaget har samtykt.

#### **§ 54. Fangst som er hausta eller levert i strid med lova**

Fangst eller verdien av fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova her, eller deltakerloven, tilfell vedkomande salslag, eller staten dersom fangsten ikke fell inn under omsetningsretten til salslaget. Dette gjeld utan omsyn til om tilhøvet medfører straffansvar.

Departementet kan i forskrift fastsetje reglar om handsaming av slike saker, korleis verdien av fangsten skal fastsetjast, om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring, og om kva salsлага kan bruke slike midlar til.

Endeleg vedtak er tvangsgrunnlag for utlegg, og verdien av fangsten kan krevjast inn ved motrekning i fangstoppjer. Departementet kan gje forskrift om mellombels tilbakehald av fangstverdi.

### **Kapittel 10. Avgifter, register og plikt til å gje opplysningar om drifta av fartøy**

#### **§ 55. Kontrollavgift**

Departementet kan fastsetje forskrift om kontrollavgift.

Slik forskrift kan innehalde føresegner om plikt til å svare avgift, korleis ho skal krevjast inn, og om opplysningsplikt for den som leverer og den som tek imot fangst når dette er avgjerande for omfanget av avgiftsplikta.

Skuldig avgift er tvangsgrunnlag for utlegg.

#### **§ 56. Register**

Fiskeridirektoratet kan opprette register for føring, lagring og bruk av opplysningar som er samla etter pålegg som er fastsette i eller i medhald av lova.

Fiskeridirektoratet kan vidare, til bruk for kontrollformål, opprette register for føring, lagring og bruk av opplysningar som er nemnde i første ledd, saman med opplysningar som er henta frå andre kjelder.

Departementet kan i forskrift fastsetje nærmere reglar om registrering og bruk av opplysningar i slike register.

#### **§ 57. Plikt til å gje opplysningar om drifta av fartøy**

Departementet kan i forskrift påleggje eigaren eller brukaren av haustingsfartøy å gje Fiskeridirektoratet rekneskaper og andre opplysningar om drifta av fartøyet.

### **Kapittel 11. Tvangsmulkt og lovbrotsgebyr**

#### **§ 58. Tvangsmulkt**

Departementet kan påleggje tvangsmulkt for å sikre at føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova vert følgde.

Tvangsmulkta er ei løpende mulkt som går frå ein særskild fastsett frist for oppfylling av pålegg, dersom denne fristen har gått ut utan at påleget er oppfylt. Departementet kan i særlege tilfelle redusere eller fråfalle oppsamla mulkt.

Departementet kan i forskrift gje nærmere reglar om fastsetjing, gjennomføring og kva tid tvangsmulkta skal gjelde for, og føresegner om rente og tilleggsgebyr dersom tvangsmulkta ikke vert betalt ved forfall.

Tvangsmulkt kan krevjast inn gjennom salslaget ved motrekning i fangstoppjer.

**§ 59. Lovbrotsgebyr**

Departementet kan pålegge den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova, lovbrotsgebyr. Lovbrotsgebyr kan påleggjast etter faste satsar eller utmålast i kvart enkelt tilfelle. Ved fastsetjing av gebyret kan det mellom anna takast omsyn til fortenesta eller den potensielle fortenesta som den ansvarlege har hatt ved lovbrotet, kor alvorleg lovbrotet er, og ekstra kostnader som kontrolltiltak og handsaming av saka har ført med seg.

Departementet kan i forskrift gje nærmere føresegner om fastsetjing av lovbrotsgebyr og føresegner om rente og tilleggsgebyr dersom lovbrotsgebyret ikkje vert betalt ved forfall.

Endeleg vedtak om lovbrotsgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg. Lovbrotsgebyr kan også krevjast inn gjennom salslaget ved motrekning i fangstoppjer. Domstolane kan prøve storleiken på gebyret.

Lovbrotsgebyr og straff etter kapittel 12 kan ikkje nyttast mot same lovbro.

**Kapittel 12. Straffansvar****§ 60. Brot på reguleringsføresegner**

Den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner fastsette i eller i medhald av §§ 9, 10, 11 tredje og fjerde ledd og 12 til 14, vert straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år dersom tilhøvet ikkje kjem inn under strengare straffeføresegner.

**§ 61. Brot på reglar om gjennomføring av hausting og orden på haustingsfelt**

Den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner som er fastsette i eller i medhald av §§ 15, 16 andre ledd, 18 til 21, 22 første og tredje ledd, 23 og 24, vert straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år dersom tilhøvet ikkje kjem inn under strengare straffeføresegner.

**§ 62. Brot på reglar som skal legge til rette for kontroll**

Den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner som er fastsette i eller i medhald av §§ 34 og 36 til 42, vert straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år dersom tilhøvet ikkje kjem inn under strengare straffeføresegner.

**§ 63. Brot på reglar om kontroll og handheving**

Den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner som er fastsette i eller i medhald av §§ 45, 46 første til femte ledd, 48 andre til fjerde ledd og 50 til 53, vert straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år dersom tilhøvet ikkje kjem inn under strengare straffeføresegner.

**§ 64. Fellesføresegner om straff**

Grovt lovbrotn som er gjort med grov aktløyse eller med vilje, kan straffast med fengsel i inntil tre år. Ved vurderinga av om lovbrotn er grovt, skal det særleg leggjast vekt på om den økonomiske eller potensielle økonomiske verdien av lovbrotn er stor, om lovbrotn har skjedd systematisk og over tid, og om lovbrotn har skjedd som ledd i organisert verksmed.

Når straffansvar etter §§ 60 til 63 kan gjerast gjeldande mot fartøyføraren for ei handling nokon av mannskapet på eit fartøy står for, kan den underordna berre straffast dersom han har brote føresegner med vilje. Ved avgjerala av om ein underordna skal straffast, skal det særleg takast omsyn til den preventive verknaden av straffa, kor grovt lovbrotn er, og om vedkomande har hatt eller kunne ha oppnådd fordel ved broten.

Dersom utanlandsk fartøy har brote føresegner som er nemnde i §§ 60 til 63 utanfor sjøterritoriet, kan fengselsstraff ikkje nyttast. Det kan heller ikkje påleggjast subsidiær fengselsstraff i fall bot ikkje vert betalt. Fengselsstraff kan likevel nyttast dersom dette følgjer av avtale med ein framand stat eller fartøyet er statslaust.

Fartøyføraren kan vedta førelegg på vegner av oppdragsgjevaren. Oppdragsgjevaren kan også straffast i sak som vert reist mot fartøyføraren.

Forsøk og medverknad vert straffa på same måte.

**§ 65. Inndraging**

Ved brot på føresegner som er nemnde i §§ 60 til 63, kan fangst inndragast. Det same gjeld reiskapar, gjenstandar, eigedomar, anlegg eller fartøy som er brukte ved lovbrotn. Dette gjeld utan omsyn til kven som er eigar. I staden for tingene kan verdien heilt eller delvis inndragast hos den skuldige eller den det er handla på vegner av, eller hos eigaren.

Det kan fastsetjast at panterett og andre rettar i ting som vert inndregne, heilt eller delvis fell bort. Føresegnerne i lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven) § 37 c gjeld tilsvarande.

Når lovleg og ulovleg fangst er blanda saman, kan heile fangsten inndragast.

**Kapittel 13. Allmenne føresegner og ikraftsetjing**

**§ 66. Havforskning og praktiske reiskapsforsøk**

Når det er nødvendig for gjennomføring av havforskning eller praktiske forsøk til utvikling av reiskapar, fangstmetodar og liknande, kan Fiskeridirektoratet gjere unntak frå føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova eller anna fiskerilovgjeving. Andre føresegner i lova gjeld så langt dei høver.

Departementet kan fastsetje kva som skal reknast som havforskning og praktiske forsøk til utvikling av reiskapar, fangstmetodar og liknande.

**§ 67. Forskrifter**

Departementet kan gje forskrifter til gjennomføring av lova. Forskrifter som er gjevne i medhald av lova, kan fastsetjast ulikt for

- a) fartøy- og reiskapsgrupper
- b) område, artar eller tider på året
- c) typar verksemd.

**§ 68. Forskrifter etter saltvassfiskelova o.a.**

Forskrifter som er fastsette i medhald av lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. (saltvannsfiskeloven) og lov 24. juni 1994 nr. 34 om registrering som kjøper i første hånd av råfisk m.v., gjeld også etter at lova her er sett i kraft. Forskrifter fastsette i medhald av lova her, kan likevel oppheve forskrifter etter desse lovene når dei uttrykkjeleg fastslår dette.

**§ 69. Ikraftsetjing**

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.<sup>1</sup> Frå same tid vert lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. oppheva. Kongen kan setje i kraft dei enkelte føreseggnene til ulik tid og på same måte oppheve dei enkelte føreseggnene i saltvannsfiskeloven til ulik tid. Frå den tid § 38 vert sett i kraft, vert lov 24. juni 1994 nr. 34 om registrering som kjøper i første hånd av råfisk m.v. oppheva.

1 Frå 1 jan 2009, etter res. 12 des 2008 nr. 1355.

**§ 70. Endringar i andre lover**

Frå den tid lova vert sett i kraft, vert det gjort følgjande endringar i andre lover: — —